



DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Deres ref
16/1984

Vår ref
16/5941-

Dato
18.01.2017

Høring om ny forskrift om offentlig arkiv

Vi viser til Kulturdepartementet sitt brev av 18. oktober 2016.

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har følgende merknader til saka:

Generelle merknader

Framlegget til ny forskrift er grunna i overgang frå papirbaserte til elektroniske arkiv, endringar i organiseringa av arkivfunksjonen i offentlege organ og ønskje om å gjere forskrifta mindre detaljert. Ei endring av forskrifta er eit steg i riktig retning. HOD meiner likevel at forskrifta har for mykje fokus på papirbaserte arbeidsformer. Fagsystem, databaser, register, samhandlingsløysingar m.m. er ikkje nemnd i den nye føresegna. Det vert produsert dokument som er gjenstand for sakshandsaming i andre system som ikkje er basert på Norsk arkivstandard (Noark). For at forskrifta skal vere framtidsretta er det òg viktig at andre former for sakshandsaming og arkivering vert omtala i forskrifta.

Fleire punkt frå dagens forskrift er føreslått flytta til Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver (Riksarkivaren si føresegn). Dersom desse punkta vert overført, vil det vere naturleg å revidera og oppdatera denne forskrifta slik at dei utfyller kvarandre med tanke på elektronisk arkivdanning og arkivbevaring.

Postadresse
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo
postmottak@hod.dep.no

Besøksadresse
Teatergt. 9
www.hod.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
983 887 406

Administrasjonsavdelingen
Saksbehandler
Tone Kurås

Konkrete merknader

Til nytt kapittel I

Til gjeldande § 2-1

I forslaget foreslås mellom anna at gjeldande § 2-1 utgår. Krava i § 2-1 har vore med på å byggje opp under arkivfaget og heve statusen til faget. Den teknologiske utviklinga gjer at det er desto viktigare med teknologisk kompetanse hjå dei som arbeider med arkiv.

Informasjonsforvaltning og arkiv er basale funksjonar for offentlege verksemdar, og bør handterast slik at informasjonen vert forvalta etter gjeldande regelverk og det offentlege organet sitt behov for dokumentasjon. HOD meiner at det er viktig at § 2-1 føres vidare i ny forskrift. Vi ber difor om at § 2-1 blir ståande som ein sjølvstendig paragraf i ny forskrift, ev. at føresegna blir teke inn i si heilhet i forslag til ny § 1. Sjølv om ordlyden vert ståande, treng ikkje det å stengje for praktisk samarbeid mellom verksemdar eller kjøp av tenester.

Til ny § 2. Definisjonar

Det kjem fram av forslag til ny § 2 bokstav b at dokumentasjon er "dokument som stadfester handlingar eller hendingar." HOD stiller spørsmål om definisjonen vil avgrense ein del journalføringspliktige opplysningar/informasjon frå omgrepet dokument, og om kva forholdet mellom omgrepa dokumentasjon og dokument er.

Til ny § 3. Internkontroll for arkiv

HOD støttar at dette dokumentet vert løfta opp for å stimulere til sterkare fokus på fagområdet. Eksisterande arkivplan er eit styringsverktøy for arkiv og tilhøyrande organ, og må forvaltast av nokon som har fagkompetanse innafor feltet.

Ved å ta bort § 2-1 i eksisterande forskrift vil det vere vanskeleg å overhalde og gjennomføre § 3 i ny forskrift. Ein kan ikkje rekne med at arkivkompetanse vert prioritert utan at det finst føringar eller krav om det.

HOD foreslår at § 12 vert slått saman med § 3. Rutinar er ein del av arkivplanen eller internkontroll for arkiv.

Til nytt kapittel II

Papirbasert arkivdanning

§§ 13, 14, 15 og 19 handsamar prosedyrar som er relevante for papirbasert arkivdanning, og som har lite relevans for digital arkivdanning. Dersom endring av forskrift skal vere framtidsretta, må fokuset vere på elektronisk arkivdanning og elektronisk bevaring. Arkivverket bør få delegert ansvar for å utforme reglar og prosedyrar for papirbasert arkivdanning og arkivbevaring.

Til ny § 22. Lagring av digitalt arkivmateriale utanfor Noreg

Krav til sky-basert lagring bør bli løfta opp og fram i forskrifta. Kontroll på dokumentasjon ved sky-basert lagring dreier seg først og fremst om tillit, rettmessig tilgang og spørsmål knytt til informasjonssikkerheit.

HOD viser til høyringsvar frå Datatilsynet av 2. desember 2016 og støttar deira merknader til § 22.

Helse- og omsorgsdepartementet har førelagt forslag til forskrift for Norsk helsearkiv. Svaret frå Norsk helsearkiv følgjer vedlagt.

Med venleg helsing

Siv Wurschmidt (e.f.)
avdelingsdirektør

Tone Kurås
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og er difor utan handskreven signatur.